



Solund kommune

Planstrategi for Solund kommune 2016-2019



Høringsutkast til offentlig ettersyn 20.10.16-20.11.2016

Innhold

| | |
|--|----|
| 1. Innleiing. Generelt | 3 |
| 2. Lovgrunnlag. Rammer | 3 |
| 3. Organisering. Prosess | 3 |
| 3.1 Organisering | 3 |
| 4. Status og utfordringar | 4 |
| 4.1 Utvikling i folketal | 4 |
| 4.2. Tilflytting og integrering | 8 |
| 4.3. Bustadar og bustadtomter | 8 |
| 4.4. Kommunikasjon, energiforsyning og digital infrastruktur | 9 |
| 4.5. Arbeid og næring | 9 |
| 4.6. Kommuneøkonomi | 10 |
| 4.7. Offentlege tenester | 11 |
| 4.8. Natur og miljø | 12 |
| 4.9. Samfunnstryggleik | 12 |
| 4.10. Samla vurdering | 12 |
| 5. Solund kommune sitt planverk og planbehov | 13 |
| 5.1 Generelt | 13 |
| 5.2 Solund kommune sitt planverk | 13 |
| 5.3. Solund kommune sitt planverk. Status og vurdering. | 15 |
| 6. Tilrådde endringar/tiltak i planverket | 18 |

1. INNLEIING. GENERELT.

Kommunal planstrategi er eit lovpålagt tiltak. Det er ikkje ein plan, men ein arena for å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon, som grunnlag for å vurdere **planbehovet** i kommunestyreperioden.

Spørsmål å drøfte:

- Kva er viktige utviklingstrekk og endringar i kommunen og i samfunnet sidan siste kommuneplanvedtak?
- Kva har dette å seie for kommunen sitt planverk? Kva trengst av endringar i eksisterande planar?
- Kva trengst av nye planar?

Dette dokumentet er administrasjonssjefen sitt førebels framlegg til planstrategi, og er å sjå på som eit grunnlagsdokument for dei politiske drøftingane.

Ein del av innhaldet er bakgrunnsinformasjon, og kan gå ut/kortast ned.

Endeleg vedtaksdokument vert utforma og redigert på grunnlag av politiske føringar og vedtak.

2. LOVGRUNNLAG. RAMMER

Plan- og bygningslova §10-1 Kommunal planstrategi:

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være en del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»

Kommunal planstrategi skal leggja til grunn nasjonale forventningar og regional planstrategi.

3. ORGANISERING. PROSESS

3.1 Organisering

| | |
|--------------------|-----------------------|
| PROSJEKTANSVARLEG: | ADMINISTRASJONSSJEFEN |
| PROSJEKTLEIAR: | TOR ARNE HAUGE |
| STYRINGSGRUPPE: | KOMMUNESTYRET |
| ARBEIDSGRUPPER: | |
| Administrativt: | Leiargruppa (LG) |
| Politisk: | Formannskapet |

4. STATUS OG UTFORDRINGAR


Generelt

I arbeidet med kommunal planstrategi er det viktig med relevant, oppdatert og faktabasert kunnskap om viktige tema og satsingsområde for kommunen. For å kunne drive målretta samfunnsutvikling er det viktig at politikkkutforminga byggjer på eit godt kunnskapsgrunnlag.

Fylkeskommunen har utarbeida eit notat med tal, prognosar og analysar for Solund kommune. Dette notatet er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for kommunal planstrategi. Notatet er bygd opp kring hovudutfordringane for kommunen, med utgangspunkt i utfordringane i fylket, og skal gje naudsynt grunnlag for prioriteringane i sjølve planstrategien. Situasjonen i dag er omtala, samt utviklingstrekk og utfordringar fylket står føre. Det vert lagt vekt på å få fram kva samfunn det er sannsynleg at vi får, med framskrivingar, analyse og oppsummering av moglege strategiar ut i frå utfordringane.


Nedanfor er omtala status og utfordringar på viktige område og tema som er relevante for kommunen sitt planverk.

4.1 Utvikling i folketal



Figur 4-1 Folketal ved utgangen av året. Kjelde: SSB


Som ein kan sjå av Fig. 4-1 har det i Solund kommune vore ein nedgang i folketallet sidan år 2000. I Fig. 4-2 kan ein sjå ei meir detaljert skildring av endringane i åra 2008-2015.



Figur 4-2 Kjelde: SSB

I heile perioden er talet døde større enn talet fødte. Dette gjev eit fødselsunderskot i heile perioden. Det er positiv netto innvandring til alle år i perioden, men den innanlandske flyttinga er negativ og har utgjort den største delen av folketalnedgangen alle år i perioden, med unntak av 2009.

4.1.1 Tal innvandrarar




Figur 4-3 Kjelde: SSB

Grafen syner at Solund kommune har eit mangfald i befolkninga. Andelen innvandrarar utgjorde i 2015 om lag 10% av befolkninga. Arbeidsinnvandrarar frå Europa er den dominerande gruppa. Flyktningane frå Syria som kom til Solund seint i 2015 er ikkje med i desse tala.

4.1.2 Folketalsendring framover, prognose

Før vi går inn i ei drøfting knytt til framskrivingane, er det viktig å ha med seg at dette er prognosar og ikkje noko som er hogd i stein. Til grunn for tala ligg SSBs folketalsprognosar 2015-2040 (moderat anslag)¹. Viss vi får større endringar, t.d. i innflytting og utflytting, vil dette påverke prognosane monaleg. Mindre endringar i tal fødde, levealder, inn- og utflytting vil sjølvstøtt også gje mindre endringar i prognosane.

Sidan folketalet i Solund er lågt vil sjølv små endringar i positiv eller negativ lei kunne gjere store utslag, noko som vi kan velje å sjå på som ei mogelegheit eller ei utfordring.




Figur 4-4 Framskriving folketal i Solund 2016-2040 Kjelde: SSB

Prognosen viser ein folketalsnedgang på 136 personar i Solund i framskrivingssperioden. Dette utgjør ein nedgang på om lag 20%. Dette vil vere ei stor utfordring for Solund-samfunnet. Ein av konsekvensane av dette kan verte endra rammevilkår i frå staten. Ser ein nærare på framskrivingane for ulike aldersgrupper kjem utfordringane enno tydelegare fram.

I framskrivingssperioden er det små endringar i aldersgruppa 0-9 år. Dei største endringane er venta i aldersgruppa 10-19 år, som vert redusert med 35%. Også i aldersgruppa 20-69 er det venta ståt nedgang, i snitt på om lag 30%. Den einaste aldersgruppa som vil vekse i perioden er aldersgruppa over 70 år. Folketalet i denne aldersgruppa er venta å auke med 42% fram mot 2035. Også i den eldste delen dei på +80 og +90 er det forventet ein auke på 40-50%. Dette vil spele inn på samla trong for helse- og pleietenester.


¹ <https://www.ssb.no/folkfram>

Framskrivning 2016-2040 aldersgrupper



Figur 4-5 Kjelde: SSB

Framskrivning 20-39 og +70



Figur 4-6 Kjelde: SSB

Hovudtrekk:

- Frå 2000 til utgangen av 2015 er folketalet redusert med om lag 16% eller 159 personar, tilsvarande 10 personar per år i gjennomsnitt.
- I fyrste del av 2000-talet (2001-2005) var folketalsnedgangen stor, om lag 17 personar i gjennomsnitt per år. I åra 2006-2010 var folketalet stabilt på om lag 875. I dei siste fem åra (2011-2015) har folketalsnedgangen igjen teke seg opp til om lag 13 personar per år.
- I heile perioden 2008-2015 har det vore fødselsunderskot. Netto innvandring har vore positiv i heile perioden, men netto innanlandsk flytting har vore negativ i heile perioden.
- SSB si folketalsframskriving (middel-alternativet) forventar ein nedgang på om lag 130 personar dei neste 24 åra. For alle aldersgrupper mellom 10 og 69 år er det venta nedgang i folketalet. I same perioden vert det framskrive ein auke i tal personar over 70 år. Dette betyr at færre personar i skulealder og yrkesaktiv alder, og at andelen eldre (+70) i befolkninga aukar frå 18% i 2016 til 30% i 2035.
- Prognosane syner at sjølv med ein veksande eldre befolkning er ikkje det nok for å forhindre folketalsreduksjon. Strategiane i så måte bør då vere både å redusera fråflyttinga, auke tilflyttinga av yngre i arbeidsfør alder og å planleggje korleis ein skal innrette eldreomsorga i framtida.

4.2. Tilflytting og integrering

Solund kommune har dei siste 10 åra hatt ei netto innvandring. Mange utanlandske arbeidrarar har vore innoom kommunen i kortare eller lengre periodar. Nokre av desse har flytta med familien sin til Solund og etablert seg på meir permanent basis.

Hausten 2015 busette dei fyrste flyktningane seg i Solund. Kommunen har vedteke busetjing av inntil 54 flyktningar i perioden 2015-2019.

Vaksenopplæringa må tilpassast og vidareutviklast for å gje eit godt tilbod både til flyktningar og arbeidsinnvandrarar. Innvandring har dei seinare åra vore avgjerande for folketalet i Solund, og vil truleg vere det også i tida som kjem.

Det er viktig å vektleggje frivillig arbeid som del av integreringsarbeidet. Dei frivillige organisasjonane gjer eit svært viktig arbeid for at folk skal trivast i Solund, det gjeld både folk oppvaksne i Solund og tilflyttarar frå inn- og utland. Solund frivilligsentral er ein viktig aktør og koordinator i dette arbeidet.

Språkpraksis i bedrift er for mange ei svært god løysing når ein skal lære norsk. Å leggje til rette slik at lokalt arbeidsliv vert ein arena for integrering er ei utfordring.

4.3. Bustadar og bustadtomter

Det har dei siste åra vorte bygd relativt få nye bustader i Solund. Mange bustader som vert etter generasjonsskifte nytta som fritidsbustader. Dette har medført at bustadmarknaden til tider har vore vanskeleg i Solund.

Busetting av flyktningar frå hausten 2015 medfører trong for minst 10 nye bueiningar dei komande tre åra, fire bueiningar er under bygging.

4.4. Kommunikasjon, energiforsyning og digital infrastruktur

4.4.1. Vegar

Fylkesveg 606 har fleire flaskehalsar, særleg for godstransport. Det har vorte gjort små utbetringar dei seinare åra, men det vil krevjast større investeringar om standarden skal bli tilfredstillande.

Mangel på brusamband til Ytre Sula er ei hovudutfordring for Solund-samfunnet.

Fleire gardar og grender i Solund har fått vegutløysing dei siste 10 åra.

Kaier og landingsplassar for ambulansebåt/helikopter bør leggjast inn i arealdelen ved revidering.

4.4.2. Sjøtransport

Solund er i dag ganske godt dekkja med ekspressbåtruter nord/sør, skyssbåtruter lokalt og godsruete på sjø. Det er likevel usikkert korleis rutestruktur og ressursituasjonen vil vere dei neste åra, og vi bør førebu oss på at det kan kome endringar og nedskjeringar.

Ein manglar i dag ei godt tilrettelagd djupvasskai med lagringsplass nær Hardbakke.

4.4.3. Energiforsyning


Energiforsyningssituasjonen er i dag god i store delar av Solund.

4.4.4. Digital infrastruktur (mobildekning og fibernettverk)

Den digitale infrastrukturen i Solund har betra seg veldig dei siste åra. Fiberutbygginga har kome svært langt, samanlikna med andre samanliknbare kommunar. Mobildekninga kan bli betre fleire stader, men dette vert det jobba kontinuerleg med.


4.5. Arbeid og næring

Kommunen har dei siste 10 åra stort sett hatt låg arbeidsløyse. Ei utfordring har vore å rekruttera nye folk med rett kompetanse til stillingar både i offentleg og privat verksemd. Ein relativt stor del av arbeidstyrken i kommunen er på veg inn i pensjonsalder. Dersom ein lukkast å erstatte dei med yngre familiefolk, ligg det her eit potensiale for folketalsauke. Arbeidsmarknaden i Solund er i ganske stor grad kjønnsdelt, sjå figur 4.7.



Figur 4.7

Forsking viser at kvinner ofte er dei som avgjer kvar unge par etablerer seg. Kvinner i Solund har jamt over eit høgare utdanningsnivå enn menn, sjå figur 4.8. Dersom Solund skal konkurrere med andre kommunar om unge høgt utdanna folk så må det finnast arbeidsplassar som krev høgare utdanning.



Figur 4.8

Solund kommune gjekk i 2015 inn i HAFS Utvikling AS. Det betyr at næringsutviklingsarbeidet vert administrert og styrt på regionalt nivå, og at kommunen har mindre styring og ressursar til lokale prosjekt. Målet med å flytte næringsutviklingsarbeidet til regionalt nivå er å skape ei meir slagkraftig og samordna næringssetting i regionen.

I den nye situasjonen er det viktig at Solund kommune har klare strategiar innan næring- og utvikling, og formidlar desse på ein god måte internt og eksternt.

Solund kommune laga *Lokal utviklingsstrategi for Solund* i 2015. Denne bør integrerast i det ordinære planverket som ein temaplan, med rullering av handlingsplan årleg.

4.6. Kommuneøkonomi

Kommuneøkonomien i Solund er stram.

Solund kommune har hatt god kontroll på økonomien, men ikkje god økonomi i høve vedtekne mål. I framlegg til nytt inntektssystem for kommunane er utfordringane til «ufrivillige små kommunar» teke omsyn til. Om inntektssystemet vert om lag som framlegget så kan dette gje Solund betre rammevilkår i åra som kjem.

Solund har i dag ikkje god nok økonomi til å handtere uføresette hendingar. Nedgang i folketallet har svekka kommuneøkonomien over tid.

4.7. Offentlege tenester

4.7.1. Helse og omsorg

Talet på eldre over 70 år er venta å auke litt fram mot 2020 deretter kraftig fram mot 2035. Talet på personar eldre enn 70 år er venta å auke med om lag 70, noko som utgjer litt i underkant av 50% auke.

Det er venta ein auke i demens-lidingar.

Samhandlingsreforma legg opp til at kommunane må behandle og gje tilbod til pasientar med meir komplekse og samansette behov. Raskare utskriving frå sjukehus og andre helseinstitusjonar, vil krevje at kommunane har godt kvalifiserte tilsette i alle ledd i helse- og omsorgssektoren. Det vil difor være heilt naudsynt for å lykkast med dette arbeidet at ein har ein planmessig satsing på kompetanse og rekruttering i sektoren.

Dette vil kunne utløyse behov for fleire stillingar i sektoren. Det må satsast meir på førebyggjande tiltak i heimen, og nye småbustader med universell utforming. Dette må takast omsyn til ved utforming av Handlingsplan for bustadbygging.

4.7.2. Oppvekst og kultur

Barnetalet vert påverka av utviklinga i samfunnet elles. Innan oppvekst skal det vere fokus på trivsel, læring og fysisk aktivitet. Dette i tråd med både lokale og sentrale vedtekte planar. Tilsette skal ha kompetanse i tråd med lov og avtaleverk, og dette må vere første prioritet.

Lærarutdanninga er vedteken å verte masternivå og såleis vil det auke lønsmidlane innan oppvekst. Vidare vil det truleg verte ei utfordring å rekruttere kvalifiserte lærarar, då det kan vere vanskeleg å fylle heil stilling knytt til den utdanna sin kompetanse.

Å ha fokus på trivsel og fysisk aktivitet kan utløyse behov for anna kompetanse i barnehage og skule enn det som tradisjonelt har vore vanleg. Tverrfagleg samarbeid og kreative løysingar kan opne opp for nye stillingar.

Å sikre tenestene med kvalifisert pedagogisk personale må likevel alltid vere kjernen i tenestene. Kartleggingar viser behov for spesialpedagogisk kompetanse som er tett på og med rettleiingsfokus. Solund kommune har mellom anna ikkje gjeve teneste til innbyggjarar som har hatt behov for logoped.

Det er forventa auka behov innan vaksenopplæringa. Dette gjeld grunnleggjande norskopplæring og vidare behovet for grunnskuleopplæring. Her treng ein både å rekruttere og utvikle tenesta. Nye stillingar og kompetanseutvikling vil vere og må ha prioritet.

4.7.4. Plan og utvikling

Etter at kommuneplan vart vedteken har talet på reguleringsplanar igangsett auka mykje. Det er likevel svingingar frå år til år. I 2016 er fleire reguleringsplanar under oppstart/arbeid. Det er ei utfordring at gjeldande kommuneplan er utarbeidd etter den gamle PBL.

Mykje av Solund kommune sine bygningar og anlegg er av gamal dato og status for vedlikehald er varierende. Kommunen ser trong for å samle eksisterande informasjon om bygg og anlegg i ein samla plan for vedlikehald av kommunale bygg og anlegg.

Solund kommune har ein hovudplan for vatn som treng rullerast. Samstundes tilrår adm.sjef at hovudplan for avløp vert innarbeidd, slik at ein får ein *Hovudplan for vatn og avløp*.

4.8. Natur og miljø

Lov om naturmangfald vart vedteken i 2009. Lova har innført fleire nye omgrep og forvaltningsprinsipp har store konsekvensar for sakshandsaming og planlegging i kommunane. Både biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald og økologiske prosessar vert omfatta av lova, og skal takast vare på ved berekraftig bruk og vern.

Det er registrert store biologiske, landskapsmessige og geologiske verdiar i Solund. I Solund er det registrert lokalitetar av 4 av dei 6 utvalde naturtypene, m.a. store område med kystlynghei og naturbeitemark.

Kommunen har eit viktig ansvar for forvaltning av naturverdiene i Solund. Vi veit at nokre område vert godt skjøtta m.a. med beite og annan skjøtsel, men vi kjenner og til at mange område er truga på ymse vis. Attgroing og ukontrollert spreiding av framande artar er to av dei største trugsmåla mot naturverdiar i Solund. Det bør utarbeidast ein temaplan for landbruk og kulturlandskap i Solund.

Solund kommune manglar eit samla oversyn over status for viktige naturområde og ein plan for forvaltning av dei viktigaste områda, naturtypene og artane.

Solund kommune har starta opp arbeidet med ein kulturminneplan for Solund, den må ferdigstillast.

Klima- og energiplan er utdatert og bør rullerast i 2017.

Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er oppdatert, men bør rullerast i 2018. I forkant bør det gjennomførast ei kartlegging og verdisetting av friluftsområde.

4.9. Samfunnstryggleik

Solund kommune har ein gjeldande trafikktryggingssplan og det vert årleg sendt inn søknader om finansiering av ulike trafikktryggingstiltak.

Omsyn til stormflo og venta havstigning er ikkje godt nok innarbeidd i gjeldande kommuneplan. Dette må vektleggjast i revidering av kommuneplanen sin arealdel.

Regional plan for vassforvaltning 2016-2021 set miljømål for kvar vassførekomst. Målet er god økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomstar innan 2021.

Tiltak for å redusere ureiningspress frå avløp bør omtalast i hovudplan for vatn og avløp.

Solund kommune har ein godkjent overordna beredskapsplan.

4.10. Samla vurdering

Dei viktigaste utfordringane og venta utviklingstrekk for Solund kommune på kort og mellomlangsikt er:

- Negativ folketalsutvikling
- Mottak, busetting og integrering av flyktingar
- Bustadforsyning. Skaffe eigna bustader og tomter.
- Til dels gamal kommunal bygningsmasse
- Manglande tilrettelagt næringsareal i kommunen
- Manglande bru til Ytre Sula
- Endringar i båtutestruktur

5. SOLUND KOMMUNE SITT PLANVERK OG PLANBEHOV

5.1 Generelt

Det er ressurskrevjande å utarbeide og vedlikehalde planar. Planverket bør difor avgrensast til det som er naudsynt for å oppfylle viktige mål. Lovpålagde planar må prioriterast. Planstrategien skal gje svar på fylgjande:


- Kva endringar må/bør gjerast i eksisterande planar som skal vidareførast?
- Kva planar skal vidareførast uendra?
- Kva trengst av nye planar?
- Kva planar kan gå ut/graderast ned?

5.2 Solund kommune sitt planverk

Som andre kommunar har Solund mange planar både for arealbruk og for ulike verksemdsområde. Mange av dei er lovpålagde. Planar er ein reiskap for å setje politikk ut i praksis.

Viktigaste lovgrunnlaget for det kommunale planverket er Plan- og bygningslova (PBL) og kommunelova (KL).

Planverket utgjer eit hierarki. Figuren under syner tilhøvet mellom ulike planar i prinsipp. Sirklane syner kritiske punkt.



Under fylgjer ein kort omtale av dei viktigaste plantypene.

5.2.1 KOMMUNEPLAN Lovpålagt. Lovheimel: PBL.

Består av:

1. Samfunnsdelen:

Overordna plan med langsiktige mål og strategiar.

Solund 12 års planperiode.

2. Arealdelen:

Arealplan for heile kommunen. På grunnlag av mål og strategiar i samfunnsdelen.

Solund: 12 års planperiode.

Utarbeiding og revisjon:

Krav til planprogram (Pbl § 4-1) og medverknad. 6 vekers høyringsfrist. Behov for revisjon vurderast kvart 4. år i kommunal planstrategi.

3. Handlingsplan til samfunnsdelen:

4 års planperiode. Økonomiplan kan inngå i handlingsdelen. Skal rullerast årleg i samband med økonomiplanarbeidet.

5.2.2 KOMMUNEDELPLANAR Lovheimel: PBL.

Vert utarbeidd etter behov for detaljering eller utfylling av den overordna planen.

Det er to slags delplanar:

1. Kommunedelplan for viktige tema eller sektorar. Døme: Oppvekst.
2. Delplanar for arealbruk. T.d. tettstadar i kommunen.

Alle delplanar skal ha ein handlingsdel som skal reviderast/rullerast kvart år.

For utarbeiding og revisjon gjeld same reglar som for samfunnsdelen og arealdelen.

5.2.3 TEMAPLANAR, SEKTORPLANAR, FAGPLANAR

Planar utarbeidde etter anna lovverk enn PBL. Omfattar planar som er laga for å fylgje opp føringar i samfunnsdelen, sektorovergripande planar, lovpålagde planar, fagplanar.

Døme: Ruspolitisk handlingsplan.

Utarbeiding og revisjon:

Kommunen står fritt i å fastsetje opplegg for utarbeiding og medverknad ut i frå kva som er tenleg i kvart tilfelle, og evt. føringar i aktuelt lovverk.

Vert lagt fram til politisk godkjenning i kommunestyret. Behov for revisjon vert vurdert i kommunal planstrategi kvart 4. år.

5.2.4. ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT. Lovheimel: Kommunelova

Økonomiplan 4 års planperiode.

Plan for heile kommunen si verksemd i planperioden, med venta inntekter, prioriterte oppgåver og tiltak, og sannsynlege utgifter. Kan samordnast med handlingsdelen i kommuneplanen.

Årsbudsjettet 1 års planperiode.

Bindande plan for bruk av kommunen sine midlar i budsjettåret.

Økonomiplan og årsbudsjett vert rullert kvart år.

5.2.5. REGULERINGSPLANAR Lovheimel: PBL

Reguleringsplanar er arealplanar for avgrensa område. Det er etter PBL av 2008 to typar:

- Områdereguleringsplanar. Større område, mindre detaljert.
- Detaljreguleringsplanar. Meir detaljert, vanlegvis mindre område.

Områderegulering vert normalt gjort av kommunen.

Detaljregulering kan gjerast av kommunen eller private. Kommunen kan avvise private planframlegg som er i strid med overordna plan.

Utarbeiding og handsaming av reguleringsplanar er styrt av PBL.

5.3. Solund kommune sitt planverk. Status og vurdering.

5.3.1 VURDERING AV SOLUND KOMMUNE SITT PLANVERK

I planstrategiarbeidet skal ein på grunnlag av ny kunnskap og endra behov gjere ei kritisk vurdering av eksisterande planverk, og vurdere trongen for revisjon og for evt. nye planar.

Nedanfor fylgjer administrasjonssjefen si vurdering:

Kommuneplan 2008-2020

Solund kommune sin gjeldande kommuneplan vart utarbeidd etter reglane i den «gamle» plan og bygningslova. Ny planlov vart vedteken i juni 2008, og innebar store endringar for kommunal planlegging.

Kap. 4 ovanfor er viktige utviklingstrekk og utfordringar omtala og vurdert. Framskrivningane av folketal i ulike aldersgrupper viser at Solundsamfunnet har store utfordringar i åra som kjem, med minkande folketal og forgubbing. Erfaring tilseier likevel at det utviklinga ikkje nødvendigvis vil bli slik SSB framskriv. Kommunen kan velje ulike strategiar for å påverke utviklinga.

Spørsmålet er om det trengs endringar i eksisterande planar, eventuelt nye planar, for å møte utfordringane og leggje til rette for ei utvikling i tråd med måla i kommuneplanen.

Samfunnsdelen. Langsiktig del 2008-2020

Samfunnsdelen vart vedteken av Kommunestyret i april 2010. Hovudmålet om å snu folketalsnedgangen, og få til 2% årleg vekst i folketal, er ikkje nådd.

Omtale av status og utfordringar er for ein del tema ikkje fullt dekkjande for situasjonen i 2016. Samfunnsdelen består av mange kapittel/tema og svært mange mål/delmål. Det vart og utarbeidd eit handlingsprogram til planen, utforma som eit resultatmåldiagram, dette handlingsprogrammet har vore lite brukt dei siste åra.

Ved revidering av planen er det ynskjeleg at den får ei form med tydelege målformuleringar og tilhøyrande tiltak/handlingar utan at planen vert for omfattande. I arbeidet med utvikling av *Lokal utviklingsstrategi for Solund (2014-2015)* vart det gjort eit stort arbeid for å finne gode strategiar for utvikling av Solundsamfunnet. Resultatet av dette arbeidet bør brukast inn i revidering av samfunnsdelen.

At Solund kommune i 2015 har byrja å ta imot flyktningar for busetjing vil kunne bidra positivt til folketallet i Solund dersom ein maktar å integrere dei som kjem.

Solund kommune har dei siste to åra delteke aktivt i arbeidet med kommunereforma. Etter å ha vurdert mange ulike alternativ konkluderte Solund kommunestyre med at Solund bør halde fram som eigen kommune. Mykje tyder på at Solund vil få høve til å halde fram som eigen kommune i åra som kjem. Rundt Solund vil det truleg skje fleire endringar i kommunestruktur, både sør og nord for oss. Endringane kan få konsekvensar for fleire fagfelt der Solund i dag deltek i interkommunalt samarbeid for å løyse kommunale oppgåver.

Samfunnsdelen må reviderast i 2017.

Arealdelen 2008-2020

Arealdelen vart endeleg godkjent i Kommunestyret i 2011. Arealplanen må reviderast og oppdaterast etter reglane i ny plan og bygningslov.

Spørsmålet er også om innhaldet i arealplanen treng å endrast i valperioden for å møte aktuelle utfordringar, og leggja til rette for ynskt utvikling. Ut frå det som er sagt om status og utfordringar er dei viktigaste spørsmåla:

Er det sett av nok eigna areal til:

- Bustadbygging
- Næringsutvikling på land og sjø
- Fritidsbustader
- Samferdsleprosjekt
- Offentlege tenester og fellesgode

Kan føresegnene til planen gjerast betre som styringsreiskap for arealbruk?
Tek planen tilstrekkeleg omsyn til venta klimaendringar?

Her fylgjer administrasjonssjefen si førebels vurdering av gjeldande arealdel:

Arealstrategi:

Adm.sjef meiner at det bør utarbeidast ein overordna arealstrategi for Solund kommune i samband med revidering av kommuneplan. Arealstrategien skal fastsetje overordna føringar for arealbruken og byggjer på dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging.

Adm.sjef meiner at det må utarbeidast nye føresegner for arealdelen, då desse må basere seg på reglane i ny plan og bygningslov.

Bustad

Areal avsett til bustadføremål i Kommuneplan 2011-2020 var føresett å dekke pårekna behov fram til 2020 i alle delar av kommunen. Etter administrasjonssjefen si vurdering er dette framleis rett for alle deler av kommunen. Erfaring syner at det tek lang tid å gjere avsette areal byggeklare. Det er sidan vedtak av KP 2011 registrert få private initiativ for å utvikle nye bustadtomter på areal avsett i KP 2011. Det er grunnlag i lokale og nasjonale erfaringar til å hevde at kommunen må ta ansvar for å sikre eit langsiktig tomtetilbod.

Det har dei siste åra vorte bygd få nye bustader i Solund, dette har medført at bustadmarknaden til tider har vore vanskeleg. Busetting av flyktningar frå hausten 2015 medfører trong for minst 10 nye bueiningar dei komande tre åra, fire bueiningar er under bygging.

Det må leggjast til rette for meir fortetting og meir konsentrert bustadbygging (leiligheter) sentralt på Hardbakke, og eit nytt sentrumsnært bustadområde for frittliggjande einestader nær Hardbakke.

Det er laga eit oversyn over tomter og område der spreidd bustadbygging kan skje utan dispensasjon frå Kommuneplan. Desse må marknadsførast i samarbeid med grunneigarar.

Adm.sjef meiner at Bustadplan for Solund må ferdigstillast hausten 2016 og vere eit grunnlag for arbeidet med bustad ved revidering av arealdelen.

Næringareal på land og sjø

I KP 2011 vart det sett av ein god del areal for næring/forretning/industri/lager. Industriområdet ved Sponevika er i dag regulert, elles har det vore liten interesse for privat regulering av næringsområde.

Det er vanskeleg å føresjå kvar det vert trong for næringsareal i planperioden. Det har dei siste åra kome spørsmål om leige av næringsareal/næringsbygg i Solund, utan at vi har hatt tilgjengelege fasilitetar.

Det vert i desse dagar sett i gang reguleringsarbeid for deler av Hardbakke sentrum. Det må i denne planen regulerast inn nok areal til næringsutvikling (t.d. innovasjonshus).

For å leggje til rette for ei vidareutvikling av dei maritime næringane må det leggjast særleg vekt på planlegging av sjøområda i samband med revidering av arealdelen.

Det er sett i gang arbeid med utarbeiding av ein Strategisk plan for kysten i Sogn og Fjordane (regional plan). Solund bør ta aktivt del i dette planarbeidet for å sikre god integrering av våre lokale og regionale interesser.

Adm.sjef meiner at det må regulerast og leggjast til rette meir areal til næringsutvikling sentralt kring Hardbakke og i andre delar av Solund.

Fritidsbustader

Det er i KP 2011 sett av store areal til fritidsbustader i Solund. Fleire av områda som er sett av i planen er store framtidige hyttefelt. Ingen av dei største områda er i dag regulert, men fleire mindre og mellomstore felt er blitt regulert dei siste åra.

Etter Adm.sjef si vurdering er det ikkje trong for å leggje til rette for nye større område til fritidsbusetnad no.

Samferdsleprosjekt

KP 2011 la til rette for gjennomføring av fleire store samferdsleprosjekt i Solund, der bru til Ytre Sula i dag er høgst på den kommunale prioriteringslista.

KP 2011 la og til rette for vegutløysing av fleire gardar og område i Solund. Fleire lokale vegprosjekt har i ettertid vorte planlagt og bygd ut, som Tangenesvegen og veg til Skarnagel.

Tilrettelegging av ekspressbåtstopp sentrumsnært er lagt inn i eksisterande arealdel.

Kaier og landingsplassar for ambulansébåt/helikopter bør leggjast inn i arealdelen ved revidering.

Adm.sjef ser elles ikkje grunn til store endringar i arealdelen når det gjeld samferdsle.

Areal til offentlege tenester og fellesgode

Avsette areal til offentlege bygg og anlegg er tilstrekkeleg. Innsatsen må setjast inn på å få ein god prosess og framdrift i utarbeiding av reguleringsplan for sentrumsområdet på Hardbakke.

Klimaendringar

KP 2011 tek til ei viss grad omsyn til venta klimaendringar, men må likevel gjerast ei ny vurdering klimatilpassing i samband med revidering av arealdelen.

Planføresegner

Planføresegnene til arealplanen må reviderast og oppdaterast etter reglane i ny plan og bygningslov. Føresegnene som gjeld sjøareala må vurderast særleg nøye, i lys av erfaringar etter vedtak 2011.

6. TILRÅDDE ENDRINGAR/TILTAK I PLANVERKET

Adm.sjef tilrår at samfunnsdelen og arealdelen vert revidert i tråd med reglane i ny plan og bygningslov, med oppstart tidleg i 2017.

Det bør utarbeidast ein strategi for arealbruk som fastset overordna føringar for arealbruken.

Hovudmåla i Lokal utviklingsstrategi for Solund bør innarbeidast i kommuneplanen.